



I kveld er det Høgre som skal halda møte i Gamleskulen og Uskedalen Utvikling kan lova at det blir ei varmare oppleving enn møtehaldarar frå tid til annan har opplevd i det gamle huset.

I dag er det montert ei splitter ny varmepumpe til ein verdi av 23.000 kroner i det tradisjonsrike huset som UU eig.

'Vaktmeister' Janne Olsson fortel at kompressoren i den gamle pumpa sa takk for seg, men det var ikkje rart, ho hadde lang teneste bak seg.

I ein lengre periode var pumpa montert på SPAR inntil ho vart gjeve til Gamleskulen.

Her er Johnny Miljeteig frå Kvinnherad Elektro i gang med monteringa saman med Janne Olsson.

Styret i UU er takksame for sær god service og hjelp frå Miljeteig og Kvinnherad Elektro med varmepumpa.

(Foto: Ola Matti Mathisen)